



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/223910-2

Dykkar referanse:
16/916 – 17/14925

Vår dato:
24.01.2018

Uttale – Offentleg høyring – Områdereguleringsplan for Haukeland søndre – Gnr. 84 bnr. 4 m.fl – Fv. 406 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 13.12.2017 med varsel om offentleg høyring av reguleringsplan for Haukeland Søndre i Radøy kommune. Frist for uttale er 26.01.2018.

Saksopplysning:

Planområdet ligg sør på Radøy og er om lag 83 daa. Området er avsett til bustadområde med krav om felles regulering jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy (2011). Det er i denne omgang berre detaljregulert for ein mindre del av planområdet. Området som er detaljregulert omfattar til saman 6 bueininga. Området er elles dels utbygd og det er rundt 16 eksisterande bustader innanfor planområdet. Dette omfattar også ein eldre reguleringsplan *Haukeland Søndre* (2009).

Planområdet ligg nord for fv. 406 mot Vetås og omfattar også fylkesvegen langs planområdet. Fylkesvegen har i dag dårleg standard med berre ein køyrebane, og det manglar tilbod til gåande og syklende. Fylkesvegen er regulert gjennom reguleringsplan «*FV. 406 og 407 Storheimstø – Vetås* (2010)». Denne planen legg mellom anna til rette for tofelts-veg og fortau på denne strekninga.

Vurdering av planframlegget:

Planområdet ligg med ein dårleg tilknytning til hovudvegnettet, og avstand til skule og andre tenestetilbod i kommunen er lang. Med bakgrunn i denne lokaliseringa vurderer vi at planframlegget er i strid med fleire av målsetjingane i *Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*.

Det er også vårt syn at fylkesvegen ikkje er dimensjonert for ei større utbygging før vegen vert utbetra.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Planframlegget som er på høyring legg til rette for 6 nye bueiningar innan ein mindre del av planområdet. Framlegget seier elles lite om potensiale for utbygging på resten av arealet.

Det vert lagt til rette for at avkøyrsløse frå fylkesveg skal utbetrast, men at fylkesvegen forbi planområdet ikkje vert bygd no. Dette kan vere ei akseptabel løysing for den planlagde utbygginga så lenge ein ikkje veit kor tid fylkesvegen vert utbetra. Dersom det vert planlagt for ytterlegare utbygging må tilhøvet til transportnettlet vurderast på ny. Vi legg også merke til at det ikkje vert lagt til rette for busshaldeplass innan planområdet. Vi legg til grunn at dette er avklart med Skyss.

Vi meiner elles det er positivt at det vert lagt til rette for utbetring av privat veg inn i området og at det vert tatt omsyn til blanda trafikk innanfor planområdet.

Forholdet til eksisterande planar:

Planskildringa slår fast at dei godkjente reguleringsplanane innanfor planområdet (Haukeland Søndre og Fv. 406 og 407) vil bli erstatta av planforslaget der desse overlappar. Med bakgrunn i dette er vi opptatt av at det nye planframlegget skal syne ei framtidretta løysing. Vi legg mellom anna merke til at siktkravet i planen som er på høyring er vesentleg redusert i høve til reguleringsplan for Haukeland søndre (2009). Dette meiner vi er uheldig.

Tilknyting til fylkesveg:

Tilkomst til området må byggast i samsvar med *Handbok N100 Veg- og gateutforming*, og dette må kome tydeleg fram av føresegnene. Avkøyrsløse frå fylkesvegen skal utformast som eit kryss og dimensjonert etter forventa utbygging. Skilta fartsgrense på staden er 80 km/t. Vi vurderer likevel at fartsnivået på staden er lågare og at ein kan legge til grunn eit fartsnivå på 60 km/t.

I høve til framlegget som er på høyring meiner vi at ein må planlegge avkøyrsla slik at f_SKV2 får ei betre vinkling på fylkesvegen. Det må leggjast til grunn ein svingradius på 9 meter, i staden for 7,5 meter som det er planlagt for i dag. Vidare kan ein legge til grunn eit siktkrav på 72 meter til kvar side av køyrebanen 10 meter inn i avkøyrsla. Det er eigne krav til stigning / lengdeprofil.

Området BFS10 er planlagt utan avkøyrsløse. I reguleringsplan for fylkesvegen er det vist ein avkøyrsløse med symbol til denne tomten. Symbolet bør følgje med vidare i denne planen, slik at ein ikkje fratrar eigedomen retten til avkøyrsløse eller gangtilkomst.

Tekniske teikningar:

Ettersom det ikkje er aktuelt med byggeplan eller gjennomføringsavtale for å utbetre avkøyrsløse, er det svært viktig at Statens vegvesen får tilsendt tekniske teikningar som syner plan og profil for avkøyrsløse til planområdet (f_SKV2 og o_SKV1), og som syner at avkøyrsløse kan byggast og koplatt saman med fylkesvegen. Dette må inn i føresegnene. Vi oppmodar om å få tilsendt tekniske teikningar tilsendt før reguleringsplanen vert godkjent, slik at vi kan vurdere desse og at plankartet vert endra der dette er aktuelt.




Fig: Del av plankart som syner avkøyrsløse frå fylkesveg til planområdet.

Rekkefølgjekrav:

Vi meiner at pkt 2.2.1 må rettast opp slik at ordlyden «midlertidig brukstillating / ferdigattest» vert endra til «...løyve til igangsetjing av nye tiltak...». Vidare må ein få med ordlyden «..ferdig opparbeidd...». Vi meiner at rekkfølgjekravet må stillast til igangsetjingsløyve.

Vidare bør pkt. 2.2.2 rettast slik at ordlyden vert «..før det kan gjevast løyve til igangsetjing for nye tiltak».

Grunngjeving for denne presiseringa er at området allereie er dels utbygd, og at ytterlegare utbygging medfører anleggstrafikk som utgjer ein reell risiko og fare for dei mjuke trafikantane.

Byggjegrænse langs veg:

Planframlegget har lagt til grunn ei byggjegrænse langs veg på 15 meter, som er i samsvar med uttalen vår til oppstart av planarbeidet.

Framlegg til endringar av planen:

Statens vegvesen frarår at kommunen godkjenner reguleringsplanen slik den ligg føre. Plankart og føresegner bør rettast opp slik at avkøyrsløse mellom f_SKV2 og o_SKV1 vert bygd i samsvar med Handbok N100.

Utforming av krysset må justerast slik at vinkling på tilkomstvegen vert 90 grader på fylkesvegen. Siktkravet må rettast opp til 10x72 meter til kvar side av køyrebanane, og svingradius skal vere $r=9m$.

Tekniske teikningar for avkøyrsløse skal vere godkjent av Statens vegvesen før utbetring, og vi ber om at dette kjem inn i føresegnene. Vi ber om å få tilsendt tekniske teikningar før planen

vert endeleg vedtatt. Vi gjer også merksam på at vi krev arbeidsvarsling før ein kan setje i gang tiltak på og langs veg.

Vi meiner at rekkefølgekrav pkt. 2.2.1 og 2.2.2 må endrast slik at krav til opparbeiding av avkøyrse til fylkesveg og interne vegar og fortau er innfridd ved igangsetjing av tiltak.

Vi vil gjerne bidra i vidare dialog om utforming av krysset.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN